



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 20.06.2017

Sak nr.: 17/4716-4
Internt I.nr. 25043/17

Sak: 68/17

Tittel: Høyring av forslag til program for konsekvensutgreiing for olje- og gassfeltet Garantiana

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at framlegg til konsekvensutgreiingsprogram (KU-program), supplert med kommentarar frå relevante faginstansar, vil sikre at viktige miljø- og fiskerifaglege spørsmål blir handtert på ein tilfredsstillande måte. Vi vil konsentrere fråsegna rundt spørsmål om samfunnsmessige verknader gjennom følgjande kommentarar:

1. Ein stor del av norsk petroleumsproduksjon skjer utanfor Sogn og Fjordane. Det er ein ubalanse mellom produksjon og aktivitet på land. Over tid er det opparbeidd kapasitet og kompetanse som gjev eit godt grunnlag for å ta på seg nye oppgåver. Flora kommune, som er vertskommune for forsynings- og helikopterbase og den nest største kommunen i fylket, er svært avhengig av sysselsettinga i petroleumsindustrien. Forsyningar, persontransport og driftsstøtte til eksisterande og nye felt i Nordleg del av Nordsjøen spelar ei avgjerande rolle for funksjonsbreidde og konkurranseskynde. Alle dei skisserte utbyggingsalternativa vil medføre mykje aktivitet, og drifts- og basetenester for dei ulike prosjektfasar må adresserast uansett løysing.
2. Florø har tilgjengeleg infrastruktur og lang erfaring som drifts-, forsynings- og helikopter-base og som stad for lagring og vedlikehald av utstyr, deriblant avansert subseautstyr. Tre operatørselskap har i utgangspunktet aktivitet i og ut frå Florø, som ligg svært sentralt plassert i høve Garantiana. Det ligg difor godt til rette for effektive samarbeidsløysingar. Vi ber om at operatøren drar vekslar på desse moglegheitene og greier ut korleis dette vil bli handtert.
3. Lokalisering av driftsorganisasjon er viktig med omsyn til kompetansearbeidsplassar og næringsutvikling lokalt. Vi ber om at operatøren greier ut kva driftsoppgåver som kan utviklast hos oss.
4. I slike utbyggingsprosjekt vil mykje av aktiviteten skje i regi av store underleverandørar. Rettidig og relevant kontakt med desse, i tillegg til med operatørselskap, er avgjerande for at lokal leverandørindustri skal kome i inngrep med konkurransedyktige løysingar. Her vil operatøren spele ei svært viktig rolle. Vi ber om at operatøren legg til rette for at lokal leverandørindustri får best mogleg føresetnader for å delta i prosjekt- og i påfølgjande driftsfase, og at tilnærminga blir synleggjort i konsekvensutgreiinga.

5. Det er naturleg at vi er aktive bidragsytarar på fleire av dei punkt som her er nemnde. I samband med planar for utbygging og drift av Knarrfeltet (tidlegare Jordbærfeltet) utarbeidde vi eit regionalt bidrag til arbeid med lokaliseringssstudie, og vi erfarte ei inkluderande haldning frå operatørselskapet. Vi ber om at det vert lagt til rette for ein open og konstruktiv dialog, slik at vi er trygge på at tilsvarande og oppdatert kunnskapsgrunnlag vert lagt til grunn i den vidare prosessen. Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer å ta rolla som regionalt kontaktpunkt i forhold til dette.
6. Elektrifisering er eit viktig element i forhold til utvikling av sentral fysisk infrastruktur. Skulle vidare utgreiingar gje rom for å innfri politiske målsettingar om kraft frå land, så bør arbeidet ta utgangspunkt i at krafta skal hentast frå Sogn og Fjordane. Tidleg involvering av regionalt nettselskap blir i tilfelle viktig.